

Fotturisme og villrein på Hardangervidda

I to innlegg i HF har Harald A. Kvaalen frå Haukeli hatt kritiske merknader til fotturisttrafikken på Vidda. Han meiner at auken i talet på fotturistar er årsak til låg fellingsprosent av rein i Ullensvang, Kinsarvik (eigen kommune frå 1913 til 1964) og Eidfjord. Han nyttar i denne samanhangen overnattingsstatistikken for DNT-hyttene Krækkja, Sandhaug og Litlos for sommarperioden 1947-2007, og set dette opp mot årleg felte dyr i dei tre nemnde kommunane som prosent av total felling på Vidda. Han finn at dei to datasetta går i kvar si lei; overnattingsane har auka, og fellingsprosenten har gått ned (men med store årlege variasjonar).

Det er positivt at Kvaalen er oppteken av villreinen sitt ve og vel på Vidda, og han har sjølv sagt eit poeng når han peikar på at reinen kan verta uroa av folk. Det kan likevel setjast eit stort spørsmålsteikn om fottrafikken faktisk har auka på sjølve Hardangervidda, i alle fall dei

siste førti åra. Krækkja har rett nok hatt ein sterk auke i overnattingar frå syttitalet til i dag, men denne hytta ligg på nordsida av riksveg 7, og overnattningane her påverkar neppe reinen sin åtferd sør for riksvegen. Gjennomsnittleg overnattingstal for Sandhaug og Litlos i perioden 1970-79 var på 2240, medan gjennomsnittstalet i perioden 2000-2009 var 2236 overnattingar, dvs. ingen endring.

På Krækkja derimot var det 1979 overnattingar per år i perioden 1970-1979, og 2714 overnattingar som årleg gjennomsnitt i perioden 2000-2009. Når Kvaalen difor inkluderer talet på overnattingar på Krækkja i sin samla overnattingsstatistikk for Krækkja, Sandhaug og Litlos, får han sjølv sagt ein auke. Om han trudde på tala sine, burde han ha kome med framlegg om å leggja ned Krækkja, men det gjer han ikkje. I staden er det Hellevassbu, som ligg mellom Litlos og Haukeliseter, han ynskjer å stenga i ein femårsperi-

ode. Frå 1970-79 til 2000-2009 har Hellevassbu på si side berre hatt ein auke på om lag ein overnatting per dag om sommaren. Det er difor heller ikkje her mogeleg å sjå logikken i hans argumentasjon om stenging på grunn av auka fotturisme.

Så lenge det praktisk tala ikkje har vore nokon auke i talet på overnattingar på DNT-hyttene inne på Vidda i dei siste førti åra, må vi må nok leita etter andre årsaker enn fotturistar for å forklara kvifor villreinen dei siste somrane har halde seg meir sør for Kvenna fram til jaktstart og i jakta. I denne samanhangen kjem mellom anna bestandsstorleik, store snømengder på Vestvidda i perioden 1989-1995, endra kalvingsområde, og vindretningar om hausten inn som viktige moment.

Reidar Borgstrøm
Institutt for naturforvaltning
UMB